



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/150 - 15/18564

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
12.10.2015

Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad på Moldekleiv gbnr. 27/51.

Administrativt vedtak. Saknr: 367/2015

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad om utslepp, 2,5pe, dagsett 19.01.2015 og supplerande dokumentasjon motteke 30.03.2015 for ein fritidsbustad på Moldekleiv, gbnr 27/51. Utsleppet skal reinsast med 2m³ slamavskiljar, før utsleppet vert ført vidare til eksisterande avlaupsleidning som går ut i sjø. Søknaden er knytt opp mot søknad om dispensasjon og rammeløyve for riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny på same staden. Rammeløyve vart gjeve 08.09.2015 i sak DNT.318/15.

Det ligg føre erklæring som gjev eigedomen gbnr 27/51 rett il å leggje og vedlikehalde avlaupsleidning over naboegedomen gbnr. 27/23.

Utsleppet vart nabovarsla 19.02.2015. Det er ikkje motteke merknader.

Vurdering:

Utsleppsløysinga det er søkt om er i samavar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp, i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova og naudsynt søknad ligg føre.

Ansvarsrett:

Det er søkt om følgjande ansvarsrett:

Føretak	Godkjenningsområde:
Stendal VVS AS Organisasjonsnr. 980 626 180 Sentral godkjenning	SØK, heile tiltaket (tkl 1) PRO, heile tiltaket (tkl 1) UTF, heile tiltaket (tkl 1)

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5 utsløppsløype, 2,5pe, for ein ny fritidsbustad på Moldekleiv, gbnr 27/51, i samsvar med søknad dagsett 19.01.2015 og supplerande dokumentasjon motteke 30.03.2015 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via slamavskiljar av godkjent type.
2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatnet førast i tett leidning til kum på eksisterande avlaupsleidning og vidare til sjø.
3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at den kan tømme med slamsugebil i samsvar med vedtekter om slamtømming.
4. Eigedomen skal betale slamgebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Bortfall av løyve

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen

Reidun Iden Lædre

sektorsjef teknisk

konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

VA-gbnr 27-51

Kopi til:

Vera og Rune Refsnes

Steinsvik Hus & Entreprenør AS

Skuteviksveien 49 5032

Postboks 13 8459

BERGEN

MELBU

Mottakere:

Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND